

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: 08.09.2020
Vår ref.: 200710168-204
Arkiv: 511
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Thomas Mo Willig
22959377/tmwi@nve.no

Kvinesheia vindkraftverk - NVE oversender klage på avslag på søknad om utsett frist for idriftsetting av 03.07.2020

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) avslø i vedtak av 03.07.2020 to søknader om utsett frist for idriftsetting av Kvinesheia vindkraftverk i Agder. Vedtaket er påklaga av Statkraft Vind Utvikling DA (Statkraft).

Klagen er gitt innan klagefristen og tilfredsstillar vilkåra for klagerett i forvaltningslovens kapittel VI. NVE har forberedt klagen i tråd med forvaltningsloven § 33.

Vi kan ikkje sjå at klagen gir grunnlag for å endre vårt vedtak av 03.07.2020. Klagen blir derfor oversendt til Olje- og energidepartementet (OED) for endeleg avgjersle.

Bakgrunn

Statkraft sendte melding til NVE om Kvinesheia vindkraftverk 13.12.2007. På grunnlag av meldinga fastsette NVE eit utgreiingsprogram 02.07.2009. NVE tok imot konsesjonssøknaden om å bygga og driva Kvinesheia vindkraftverk 11.05.2010. Søknaden vart sendt på høyring 02.08.2010 og Statkraft fekk konsesjon 26.04.2014.

Konsesjonsvedtaket vart påklaga og oversendt til Olje- og energidepartementet (OED) 04.12.2012. OED stadfesta NVE sitt 30.04.2015. Statkraft sendte inn søknad for utsett frist for idriftsetting 14.01.2019 og 22.11.2019. Statkraft sendte inn miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) den 22.11.2019. Søknadane om utsett frist for idriftsetting vart avslått av NVE 03.07.2020. Noverande frist for idriftsetting av Kvinesheia vindkraftverk er 31.12.2020.

Klagen

Statkraft klaga på NVEs vedtak i brev av 21.08.2020. I det følgande er dei vesentlegaste klagegrunnane samanfatta.

Uføreieleg prosess

Statkraft viser til at dei sidan 2018 har hatt tett dialog med NVE knyta til konsesjonsendringar og vidare sakshandsaming av prosjektet. Dei viser til at dei har nytta mykje resursar på å utarbeida materialet som

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



NVE har etterspurd. Statkraft meiner avslaget på søknadane om utsett frist for idriftsetting opplevd som uføreseieleg og urimeleg. Den nye forvaltningspraksisen til NVE frå 27.11.2019, som ligg til grunn for avslaget, står i sterk kontrast til signala frå NVE som vart gitt i forutgåande sakshandsaming.

NVEs nye forvaltningspraksis er ikkje aktuell for Kvinesheia

Statkraft meiner NVEs nye forvaltningspraksis ikkje bør omhandla Kvinesheia fordi prosjektet kan realiserast utan elsertifikat og det er gjennomført grundige oppdaterte konsekvensutgreiingar med utgangspunkt i dagens teknologi og eit oppdatert kunnskapsgrunnlag.

For kort tid mellom ny forvaltningspraksis og utløp av frist

Statkraft meiner innføringa av ny forvaltningspraksis omkring frist for utsetting så kort tid før gjeldande frist utløpet representerer eit betydeleg inngrep. Videre meiner Statkraft at når den ny forvaltningspraksisen vart innført så seint var det ikkje lenger mogleg å gjennomføra prosjektet innan fristen, noko som i praksis har fråtatt dei moglegheitene til å gjenneføra prosjektet innanfor gjeldande konsesjon.

Anleggskonsesjonen er ikkje ugyldig sjølv om Kvinesheia ikkje vert sett i drift innan fristen

Etter Statkrafts mening fell ikkje ein anleggskonsesjon automatisk vekk om anlegget ikkje vert satt i drift i samsvar med konsesjonsvilkåret om idriftsetting. Dei meiner det må eit svært alvorleg forhold til for at ein sanksjon, bortfall av konsesjonen, skal vera forholdsmessig og står ikkje i forhold til det ein oppnår ved ei så streng handheving av NVEs nye forvaltningspraksis. Bortfallet av konsesjonen vil også vera i strid med energilovens formål om samfunnsmessig rasjonell ressursbruk.

NVEs vurdering av klagen

I den konkrete saken vurderte NVE fordelane og ulempane ved ei utsett frist for idriftsetting. Statkraft sin søknad om konsesjonsendring vart handsama etter energilova § 10-4 annet ledd. I forarbeida er det blant anna uttalt at endringar etter søknad frå konsesjonæren «*kan være aktuelle dersom konsesjonæren kan påvise at et tyngende vilkår ikke lenger fremmer sitt formål eller at fordelene ved et vilkår ikke lenger står i forhold til omkostninger det medfører for konsesjonæren*».

Etter NVEs vurdering medfører noverande vilkår om idriftsetting av vindkraftverket innan 31.12.2020 til at konsesjonen ikkje kan realiserast jf. vårt vedtak av 03.07.2020, noko som medfører vesentlege omkostningar for konsesjonæren. Dette vart vegd opp mot vårt brev av 27.11.2019 der gjeldande forvaltningspraksis er at ein ikkje ynskjer utsett frist for idriftsetting av vindkraftverk i Noreg utover 31.12.2021.

Sjølv om energilova opnar opp for at konsesjonsvilkår kan endrast, inneber det etter NVEs vurdering ikkje at konsesjonær har noko rettskrav på å få innvilga søknad om endring av fristen for idriftsetting.

NVE konstaterer at Kvinesheia vindkraftverk ikkje kan være ferdig utbygd og satt i drift innan gjeldande frist for idriftsetting og fører tilsyn med at vilkår i gitte konsesjonar vert følgt, og vil reagere ved brot. Det går fram av vårt vedtak at NVE vil vurdera behovet for å gjera om vilkår nr. 2 i konsesjonen for Kvinesheia vindkraftverk, slik at eit brot på fristen fører til at konsesjonen fell bort. Som det går fram av vedtaket, vil Statkraft få eit førehandsvarsel før NVE fattar eit eventuelt vedtak om omgjerding.

Vi viser samtidig til at det er mogleg å vurdera prosjektet på nytt av NVE etter at Stortinget har handsama Stortingsmelding 28 (2019-2020) Vindkraft på Land, som kan leia til nye konsesjonsprosessen for vindkraftsakar.



Konklusjon

NVE kan ikkje sjå at det i klagen er komen fram nye opplysningar som gir grunnlag for å endra vårt vedtak av 03.07.2020. Klagen oversendes derfor Olje- og energidepartementet til endelig avgjørelse i henhold til forvaltningsloven § 33.

Alle sakens dokumenter blir gjort tilgjengelege for departementet gjennom internettløysinga SeDok.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

KVINESDAL KOMMUNE
Lyngdal kommune
STATKRAFT VIND UTVIKLING DA